

Den norske Forfatterforening, 31.08.2026

Om å skape lesekultur – Innspel til Lesekommisjonen frå Den norske Forfatterforening

Den norske Forfatterforening (DnF) takkar for invitasjonen til å kome med innspel til Lesekommisjonen. I stort vil vi òg gjeve vår tilslutning til det skriftlege høyringsinnspellet til Norske barne- og ungdomsbokforfattere (NBU).

DnF anerkjenner at Lesekommisjonen sitt mandat er å sjå på lesing i brei forstand, og at utfordringane knytt til lesing blant barn og unge er samansette og vil måtte møtast med eit mangfald av strategiar og tilnærmingar til ulike teksttypar. I det vidare innlegget vil vi likevel legge vekt på lesinga av skjønnlitteratur.

Eit heilt avgjerande grep for å skape leseglede i samfunnet, er å styrke det vi kan tenke på som ein lesekultur. Denne må vere synleg, sterk og merkbar i heile landet. Skjønnlitteraturen fortener ein prominent plass i samfunnet og vi som borgarar og samfunnsmenneske treng at litteraturen tek denne plassen.

Ein sterk lesekultur må skapast gjennom at vi aukar bevisstheita vår om lesing og kva betydning det har for heile mennesket. Vi treng dessutan å setje av tid til å lese og vi må syne fram lesing som noko vi gjer, som noko naturleg, som noko vi anerkjenner som verdifullt og viktig.

Formidling av skjønnlitteratur i skulen er i denne samanhengen eit heilt sentralt moment. For mange elevar er skulen den einaste plassen ein møter autentisk skjønnlitteratur og får moglegheit til å verte utsett for den kunstnarlege krafta og potensialet for erkjenning og gjenkjenning som finst i litteraturen. Skjønnlitteraturen må ikkje hamne i periferien i skulen eller verte redusert til eit verktøy for å kunne krysse av for læringsmål. Skulen må vere ein av dei sentrale berarar av lesekulturen. Samtidig må vi passe på at litteraturens eigenverdi som kjelde til estetiske erfaringar er avgjerande og må verte anerkjend.

Lesing av skjønnlitteratur i skulen er dessutan ei gåvepakke for å øve motstand mot ei rekke av vår tids største utfordringar knytt til den urolege, digitale verkelegheita: redusert konsentrasjonsevne, sviktande evne til lesing av lengre tekstar og svake leseferdigheiter generelt.

Barn og unge må gjevast ein skulekvardag der dei kan oppleve det mangfaldet og refleksjonsrommet skjønnlitteraturen kan gje. Dei må få anledning til å utvikle personlegdomen sin, det vil seie heile mennesket, og øve sine skapande evner gjennom kunstfaga i skulen. Og dei må få møte kunst og litteratur på kunstens og litteraturens eigne premiss. Det vil styrke leselysta og gje ein sterkare lesekultur.

Det er godt kjend at evna til å lese ein tekst og å bli verande i teksten har vorte svekka dei siste åra. Det er viktig å erkjenne at det å bli i ein tekst er eit arbeid og at det er ein kognitivt krevjande aktivitet. Men som samfunn kan vi ikkje ta oss råd til å fire på

krava i møte med desse utfordringane. Det ville vere å gjere elevane ei bjørneteneste. Tvert i mot må vi ta oss tid til å gjere det arbeidet som krevst. Det er ein veldokumentert samanheng mellom god leseforståing og lesing av skjønnlitteratur. Det er ein demokratisk og klassemessig dimensjon i dette, som det er avgjerande at skulen og samfunnet svarar på.

DnF ønsker ei styrking av ordninga med skulebibliotek og øyremerking av midlar som kan gje ei utviding til vidaregåande skular.

Skulen må òg legge til rette for at elevane skal oppleve meiningsfulle møter med skjønnlitteraturen, først og fremst gjennom norskfaget, men òg gjennom forfattarmøte i Den kulturelle skulesekken.

Lesekommisjonen må overordna sett òg ha eit blikk for dei litteraturpolitiske rammevilkåra som heilskap, og sikre at desse legg til rette for at forfattarar òg i framtida skal kunne gje eit mangfald av utgjevingar av høg kvalitet, og sikre formidlinga av denne til den breie befolkninga.

Med ønske om gode arbeidsvilkår og stø vind,

Sivert N. Nesbø,
Leiar DnF